



SANDE KOMMUNE
6084 Larsnes
Tlf. 70 02 67 00 Fax 70 02 67 01
sande.kommune@sande-mr.kommune.no
www.sande-mr.kommune.no

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Oddbjørn Indregård Arkivsaknr: 2017/158-686/2017
Arkiv:

Utvaksaksnr	Utval	Møtedato
10/17	Næring-, teknisk- og miljøutval	15.02.2017

Saka gjeld: **MARE SAFETY HOLDING AS - ANG TILSEGN OM RDA-TILSKOT, SAK 37/14**

Tilråding:

NTM-utvalet i Sande kommune vedtek å trekke tilbake tilsegn gitt i sak 37/14 til Mare Safety Holding AS.

Særutskrift:

- Mare Safety Holding AS, Stålhaugen 14, 6065 Ulsteinvik

Vedlegg:

- Brev frå Mare Safety Holding AS, datert 22.11.16.

Saksopplysningar:

Mare Safety Holding AS har i sak 37/14 fått tilsegn om tilskot på kr 350.000. Tilsegnet er basert på søknad frå Mare Safety Holding AS om tilskot i samband med opparbeiding av tomt/infrastruktur til eit næringsbygg i Hallebygda.

Sande kommune har i brev 27.10.16 etterspurt framdrifta i prosjektet med tanke på utbetaling av tilsegnet om tilskot.

I brev frå Mare Safety Holding AS har verksemda gitt ei tilbakemelding på prosjektet. I korte trekk er denne slik at som følgje av marknadsendringar ser ikkje verksemda å kunne realisere prosjektet dei nærmaste 2-3 år.

Denne saka har som formål å gjere vedtak på om tilsegnet skal trekkast tilbake eller vidareførast.

Vurdering:

Eit av vilkåra for tilsegnet i sak 37/14 er at det står ved lag i eit år – dvs til 01.12.2015. Verksemda har søkt og fått forlenga tidsfristen med eit år – dvs til 01.12.2016. Tidsfristen er altså gått ut – og verksemda sjølv har gitt tilbakemelding om at tilsegnet ikkje vil verte nytta dei neste 2-3 åra. Tilsegn som ikkje vert nytta innan fastsette tidsfristar kan trekkast tilbake.

RDA-ordninga er etter sentrale regelendringar no avslutta. Sande kommune har derfor eit ynskje om at ein lokalt også avsluttar ordninga rundt RDA-midlane. Skal ein få til ei slik avslutning må tilsegna som er gitt realiserast eller trekkast tilbake om dei ikkje vert nytta som omsøkt.

Ei vidareføring av tilsegnet er også eit alternativ. Om ein vel å gjere dette må ein sette ein ny tidsfrist for realisering av tilsegnet. Ein slik tidsfrist må vere minst 2-3 år, jf tilbakemeldinga frå Mare Safety Holding AS.

RDA-ordninga har vore ei god tilskotsordning for mange næringsdrivande. Når denne ordninga no er opphørt står vi igjen med det kommunale næringsfondet som tilskotsordning på kommunalt nivå. Sande kommune vil oppfordre Mare Safety Holding AS å søke om næringsstøtte gjennom denne ordninga i samband med vidare utvikling av verksemda i Hallebygda.

Konklusjon:

Som følgje av både tidsperspektiv og det faktum at RDA-ordninga har opphørt bør Sande kommunen trekke tilsegnet i sak 37/14 slik at kommunen kan avslutte RDA som tilskotsordning.

Sande kommune viser til ordninga med kommunalt næringsfond. Mare Safety Holding AS vil kunne søke dette næringsfondet i samband med å utvikle verksemda i Hallebygda vidare.

Miljøkonsekvensar: nei

Økonomiske konsekvensar: ikkje for Sande kommune.

Beredskapsmessige konsekvensar: nei

Larsnes, 05.02.2017

Asle J. Giske
rådmann

2014/1058



Mare Safety AS
Stålhaugen 14
N-6065 Ulsteinvik
NORWAY

Phone: +47 70 00 98 10
Fax: +47 70 00 98 20
E-mail: office@maresafety.com

**Sande Kommune
v/Oddbjørn Indregård
6084 Larsnes**

Deres ref.:
OI

Vår ref.:
RV

Dato:
22.11.2016

Tilsegn om RDA-Tilskot , SAK 37/14

Ref deres brev av 27.10.2016 Ang tilsagn om RDA-tilskott på Kr. 350.000,-

Vi ser dessverre ikke markedet dei 2-3 nærmeste årene på en slik måte at vi tør starte noen bygging.

Men på lengre sikt håper vi på å få til noe på den tomten som vi har på hand.

Vennlig hilsen

Mare Safety Holding AS

*Reidar Vågeskar
Dalig leder*



A SAFE CHOICE
www.maresafety.com

